



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 921 196 164  
Organisasjonsform: Aksjeselskap  
Foretaksnavn: LL DET NORSKE TEATRET  
Forretningsadresse: Kristian IVs gate 8  
0164 OSLO

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Alma Nedrelid  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 27.04.2024

### Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 11.06.2025



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Eigne inntekter	1	66 381 000	64 211 000
Tilskot	2	208 297 000	209 684 000
<b>Sum inntekter</b>		<b>274 678 000</b>	<b>273 895 000</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekjøp		14 194 000	8 412 000
Kostnad v/arbeidskraft	3,4	214 372 000	197 341 000
Avskrivningar teaterbygg	5	1 073 000	1 073 000
Ordinære avskrivningar	6	14 744 000	18 045 000
Andre driftskostnader	6,7	51 193 000	56 038 000
<b>Sum kostnader</b>		<b>295 576 000</b>	<b>280 909 000</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-20 898 000</b>	<b>-7 014 000</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		1 205 000	700 000
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>1 205 000</b>	<b>700 000</b>
Annan rentekostnad		1 556 000	1 031 000
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>1 556 000</b>	<b>1 031 000</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-351 000</b>	<b>-331 000</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-21 249 000</b>	<b>-7 345 000</b>
Skattekostnad	8	927 000	385 000
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-22 176 000</b>	<b>-7 730 000</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-22 176 000</b>	<b>-7 730 000</b>
<b>Overføringar og disponeringar</b>			
Overført til opptent egenkapital		-22 176 000	-7 730 000
<b>Sum overføringar og disponeringar</b>		<b>-22 176 000</b>	<b>-7 730 000</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Utsett skattefordel	8	1 854 000	1 746 000
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>1 854 000</b>	<b>1 746 000</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Teaterhuset	5	8 355 000	9 428 000
Bygningar, tomter	5	9 007 000	9 007 000
Teknisk utstyr, inventar	6	67 134 000	70 476 000
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>84 496 000</b>	<b>88 911 000</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i tilknytt selskap	10	35 000	20 000
Lån til staten		22 200 000	22 200 000
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>22 235 000</b>	<b>22 220 000</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>108 585 000</b>	<b>112 877 000</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Varelager	11	670 000	409 000
<b>Sum varer</b>		<b>670 000</b>	<b>409 000</b>
<b>Krav</b>			
Forskot forfattarhonorar		204 000	262 000
Andre fordringar, inkl. tilsette		4 103 000	5 850 000
Forskotsbetalte framsyningskostnader	12	4 613 000	3 624 000
<b>Sum krav</b>		<b>8 920 000</b>	<b>9 736 000</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bank og kasse	13	7 707 000	6 593 000
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>7 707 000</b>	<b>6 593 000</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>17 297 000</b>	<b>16 738 000</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>125 882 000</b>	<b>129 615 000</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Lutmidlar	14	4 909 000	4 909 000
Annan innskoten eigenkapital	9	6 335 000	6 335 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>11 244 000</b>	<b>11 244 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	9	-22 804 000	3 366 000
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>-22 804 000</b>	<b>3 366 000</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>-11 560 000</b>	<b>14 610 000</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Pensjonsplikter	4	41 817 000	36 987 000
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>41 817 000</b>	<b>36 987 000</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	15	8 625 000	10 125 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>8 625 000</b>	<b>10 125 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>50 442 000</b>	<b>47 112 000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Kassakreditt	15	25 621 000	15 352 000
Betalbar skatt, ikkje utlikna	8	1 036 000	485 000
Skuldige offentlege avgifter		15 350 000	13 088 000
Leverandørar		8 588 000	6 987 000
Forskotsinnbetalt for billetter		11 067 000	7 553 000
Anna kortsiktig gjeld inkl. feriepengar		25 338 000	24 428 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>87 000 000</b>	<b>67 893 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>137 442 000</b>	<b>115 005 000</b>



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>125 882 000</b>	<b>129 615 000</b>



# Årsrekneskap 2023

## LL Det Norske Teatret

Styrets årsmelding  
Resultatregneskap  
Balanse  
Kontantstrøm  
Notar

Org.nr.: 921 196 164

### **Styrets årsmelding 2023**

Vedtatt i styrets møte 27. februar 2024.

Det Norske Teatret skal vere eit djervt teater og må alltid vere villig til å ta risiko. Både scenekunsten og språkoppdraget krev det. God scenekunst blir til utan garantiar, det er dei høge ambisjonane og viljen til gå usikra vegar som har skapt teateret sine største kunstnarlege suksessar gjennom meir enn eitt hundre år. Slik har Det Norske Teatret ikkje fått, men tatt den posisjonen det har i dag. Baksida av medaljen er at innsatsen for kunstnarleg triumf og publikumssuksess alltid vil ha med seg risikoen for at utfallet kan bli det motsette.

Styret ved Det Norske Teatret konstaterer at det òg i 2023 var rikeleg med prestasjonar og produksjonar på høgste nivå ved teateret. Publikumsmessig blei det etter kvart også eit godt år; 190 000 publikummararar totalt plasserer 2023 i det øvre laget i teateret si historie. Men økonomisk må 2023 diverre også reknast som eit rekordår, og då i negativ forstand: Eit underskot på 22 millionar kroner og tapt eigenkapital er ei alvorleg utfordring for teateret. Det er samtidig eit uttrykk for eit teater som kjempar for å halde på posisjonen som kraftsentrum for scenekunst og språk. Ikkje før det må senkar Det Norske Teatret ambisjonane og legg ut på ei ferd nedetter ein spiral mot eit mindre teater – eit teaters som ein ikkje heilt kan vite kor lite må bli.

Dei økonomiske utfordringane var hovudtema på alle styremøte frå april og ut året. Mellom dei har det vorte arbeidd grundig med økonomiske analyser, tiltak for å halde kostnadene nede og ikkje minst med å skape merksemd om teaterets vanskelege økonomiske situasjonen gjennom kampanjen *Tett gapet*. Teateret har ein plan for å redusere kostnader og auke inntekter utan å måtte gje opp posisjonen som stort teater. Politikarar på Stortinget, i regjeringa og i Kultur- og likestillingsdepartementet er godt kjende med situasjonen.

Ein kostnadsreduksjon på 8 millionar kroner frå 2022 til 2023 på område som gjeld drifta av teaterhuset og -organisasjonen viser i og for seg god styring og drift. Det er svikt i billettinntektene, særleg i første halvår, og sprekk på personal- og produksjonskostnader i andre halvår som forklarar det meste av det store underskotet i 2023.

Sjansen til å lage ei ny oppsetting av Disney-musikalen Frost oppstod seint i september 2022. Då inviterte den islandske regissøren Gísli Örn Gardarsson Det Norske Teatret til å bli med og lage ein ny og meir nordisk musikalversjona av ei av dei verkeleg sterke merkevarane i verda. Teateret vurderte det som kunstnarleg ambisiøst, viktig for nynorsken og med ei mogleg stor oppside på inntektssida.

Budsjettet for 2023 vart laga med ei forventning om billettinntekter på 70 millionar kroner totalt. Det var høgt etter pandemiåra, men likevel nesten 9 millionar kroner lågare (i 2023-verdi) enn snittet for bokførte billettinntekter i dei elleve Book of Mormon-åra 2017-19. Til samanlikning låg snittet for speleinntekter i dei tre åra før, 2014-16, på 55 millionar kroner (2023-verdi).

Frå premieren 14. oktober 2023 og ut året samla Frost 38.000 publikummarar (87% belegg) og spelte inn tett på dei budsjetterte inntektene for den produksjonen. Nesten ein tredel av alle billettinntekter i 2023 kom frå Frost. I det heile tatt var det mest fulle hus på Det Norske Teatret i siste kvartal, med gode billettinntekter.

Vårsesongen står for om lag 15 millionar kroner av svikten i billettinntektene. Året starta rett nok med fulle hus og suksess langt over inntektsforventingane med teaterkonserten *Semper Eadem*, eit i utgangspunktet smalt konsept som blei hylla som «eit meisterstykke musikalsk, visuelt og konseptuelt» av ein meldar. Dei antatt breie satsingane som følgde, *Ronja Røverdatter* og *Trylleflyta*, nådde diverre på langt nær det forventa publikummet. Det førte også til mindre inntekter i starten av haustsesongen, der også Fosses gjendikting av *Oresteia* spelte for få publikummarar inntil den siste framсыninga, då det nett hadde blitt kjent at vår eigen Jon Fosse ville få Nobelprisen for litteratur!

To ambisiøse vårproduksjonar på Scene 2, *Romeo og Julie* og *Sporv og Engel*, var planlagde også for Hovudscenen. Eit slikt vekselspel har teateret lykkast med tidlegare, sist med *Gudspartikkelen*. Trass i god mottaking viste det seg at Scene 2 var mest passande for å møte etterspurnaden. Ein økonomisk krevjande vårsesong på Hovudscenen fekk sin finale då girakassa til dreieskiva havarerte i slutten av mai. Det blei ei nyttig påminning om at sjølv det beste tekniske utstyret har si levetid. Etter snart 40 år i drift vil slike situasjonar kunne oppstå oftare, trass i eit omfattande vedlikehaldsarbeid på teateret. Havariet førte til at fleire framсыningar måtte avlysast medan ei ny girakasse blei sett saman og frakta frå Tyskland.

### **Frost i påkosta nordisk drakt**

Styret var vel vitande om - og støtta - at Det Norske Teatret tok ein kalkulert risiko ved å takke ja til å produsere Frost, i samarbeid med islandske Vesturport og med rettar frå Disney. Ein stor og påkosta musikal krev normalt lang planleggingstid, vesentleg lengre enn det året som var tilgjengeleg frå høvet baud seg til premieren måtte bli i oktober 2023. Eit kortare produksjonsløp framstod likevel som mogleg. Med premiere på Det Norske Teatret ville Noreg vere første stoppestad der store nasjonale teater i fem nordiske land skulle setje opp Frost etter tur. Den sjenerøse tildelinga av rettane til ein av Disneys største merkevarer er også eit sterkt kompliment til norsk scenekunst. At Det

Norske Teatret var det første i verda som fekk lov til å lage ein eigen versjon av dette verket seier noko om posisjonen vår i ein internasjonal musikalmarknad.

For Det Norske Teatret er det også ei forplikting å gjere slike breie titlar tilgjengeleg på nynorsk. Det er vi stolte av å ta på alvor. Som offentleg støtta institusjon kan vi dessutan halde billettprisane for barn og familiar lågare og dermed overkommelege for fleire. 14. oktober kunne eit norsk publikum for første gong høyre den nynorske versjonen *Det må ut* av Disneys store hit *Let it go*. Det var ein merkedag for nynorsken og ei storhending for Det Norske Teatret.

I dei største produksjonane kan det på førehand vere vanskeleg å sjå føre seg kor store kostnadene faktisk blir. Det har Det Norske Teatret opplevd fleire gonger før. Høge kunstnarlege ambisjonar, komplekse produksjonar og svært mange involverte i ulike funksjonar viser seg igjen i høge kostnader til innkjøp, ekstra tilsette og overtid. Ikkje sjeldan blir også avvikling av framsyningane i slike produksjonar dyrare enn forutsett.

Det Norske Teateret sette allereie i mars av ekstra midlar for å ta høgde for slike auka kostnader i innspurten. Styret og leiinga var på det tidspunktet klar over at 2023 ville bli eit nytt år med underskot, men vurderte det samtidig slik at Frost truleg ville kunne spele inn eit større overskot i 2024. Det ville kunne bringe dei to åra samla i balanse, kanskje òg betre enn det. Dette ville i så fall òg gi teateret høve til å fordele dei høge produksjonskostnadene på to år. Gitt at vårsesongen på det tidspunktet såg ut til å gi langt lågare billettinntekt enn budsjettet, såg ikkje teateret nokon annan farbar veg enn å satse på at Frost ville snu situasjonen gjennom 2023 og 2024. Andre alternativ ville måtte medført kraftige kutt og nedbemanning hausten 2023.

Administrasjon og styre starta samtidig eit planmessig arbeid for å auke inntekter og redusere kostnader ytterlegare. Dei fem tiltaksområda omfattar reduserte personalkostnader, balansering av verksemda i Groruddalen slik at den er i samsvar med støtta teateret får til denne satsinga, auka billettprisar, satsing på auka inntekter frå næringslivssamarbeid og reduksjon i investeringar som hittil har vore finansiert med dei årlege driftsløyingane og egne inntekter. Det siste punktet førte til at Det Norske Teatret i desember 2023 søkte om ei løyving på 500 millionar kroner til oppgradering av bygg og teaterteknisk utstyr frå Kulturdepartementets tilskotsordning for nasjonale kulturbygg (i statsbudsjettet for 2025).

Gjennom hausten viste det seg likevel at produksjonen av Frost blei dyrare enn det var tatt høgde for og at avvikling av framsyningane blei kostnadskrevjande. Også andre større produksjonar i 2023 bidrog til sprekken i personal- og produksjonskostnader. Sjølv om det er gjort mykje godt arbeid på teateret dei seinare åra med å halde oversyn og kostnadskontroll, viser erfaringane i 2023 at Det Norske Teatret framleis har eit

forbetringsbehov og -potensial når det gjeld korleis ein organiserer verksemda for best mogleg planlegging og gjennomføring av særskilte produksjonar. Eit sterkare teater her vil også vere betre i stand til å halde fram med å ta kunstnarleg risiko og tole variasjonar på inntektssida i rekneskapen.

Då det blei klart at det meste av Frostframsyningar ville bli spelt i 2023, førte teateret alle produksjonskostnader i rekneskapen for dette året.

Det Norske Teatret er stolt over produksjonen av Frost. Med over 52.000 publikummarar i 2023 og 2024 vil den plassere seg høgt på teaterets liste over mest sette framsyningar. Det har vore ei særskilt glede å kjenne den breie anerkjenninga av at Frost er viktig for nynorsken. Dette kom klart til uttrykk då Mållaget ga teatersjef Erik Ulfsby målprisen i 2023 «for å ha gjeve heile Noreg strålande scenekunst som har styrkt den nynorske sjølvkjensla». Mellom kritikarane fekk Frost derimot ei blanda mottaking. Dette la ein dempar på salet, som også gjekk føre seg i hard konkurranse med andre scenekunsttilbod for barn og familiar, som vi gler oss over at hovudstaden har mange av!

### **Tilsetjing av ny teatersjef**

Etter 14 år i stillinga gir Erik Ulfsby seg når 2024 er slutt. Teatersjefstillinga blei lyst ut våren 23. Styret var særskilt nøgd med den sterke søkjarlista der 17 personar meldte si interesse. Av desse var ti kvinner og sju menn.

Under Ulfsbys sjefsperiode har Det Norske Teatret gjennomført viktige endringar, først og fremst ved å legge om til repertoarspel. Teateret har opna for framsyningar på søndagar og har år for år auka inntektene og publikumstalet til nye høgder. Gjennom Det Multinorske har Det Norske Teatret utdanna tre kull med skodespelarar som markerer seg på teaterets eigne scener, på andre teaterscener og i film og tv-seriar. Ei større satsing i Groruddalen har også plassert Det Norske Teatret på Rommen Scene.

Erik Ulfsby ein fantastisk teaterleiar som med ambisiøst arbeid har gjort Det Norske Teatret til det fremste teateret i landet. Styret er han stor takk skyldig og ser med spenning fram mot det siste året i sjefsgjeringa hans.

I september kunne styret presentere Kjersti Horn som ny teatersjef i eit åremål på fem år frå 2025-2029. Kjersti Horn er ei sterk kunstnarleg kraft som kjenner teateret godt etter mange framifrå produksjonar her. Ho har dei beste føresetnader for å ta vare på teaterets verdiar og utvikle Det Norske Teatret vidare. Den nye teatersjefen skal leie ein organisasjon som har vakse til å bli ein av dei viktigaste scenekunstinstitusjonane i Norden inn i ein periode der løyvingane stadig er utfordra, og publikumsvanene er endra gjennom ein lang pandemi. Styret har sterk tru på at Kjersti Horn er rett kvinne til denne oppgåva. Den er på ingen måte liten, både tilsette og publikum håper å sjå eit teater som

held på styrken, og som også overraskar med nye grep, som vi likevel vil kjenne igjen som Det Norske Teatret.

### Resultat og egenkapital

Av årsakene som det er gjort greie for i denne årsmeldinga, må teateret gjere opp rekneskapen for 2023 med eit underskot på 22,176 millionar kroner. Årets negative resultat blir ført til opptent egenkapital. Teateret fører kvart år også endringar i estimerte endringar i pensjonsskyldnader i den tidlegare ytingsbaserte pensjonsordninga (lukka 2016) mot opptent egenkapital. Estimater for 2023 er fastsett til ein auka skyldnad på 3,994 millionar kroner. Medrekna lutmidlar på 4,909 millionar kroner og annan innskoten egenkapital på 6,335 millionar kroner, blir den samla egenkapitalen til Det Norske Teatret redusert frå 14,610 til - 11,560 millionar kroner.

### Grunnlag for vidare drift

Det Norske Teatret har ved inngangen til 2024 negativ egenkapital. Dette tilhøvet er regulert av aksjelova i § 3-5. *Handleplikt ved tap av egenkapital*

*«(1) Hvis det må antas at egenkapitalen er lavere enn forsvarlig ut fra risikoen ved og omfanget av virksomheten i selskapet, skal styret straks behandle saken. Styret skal innen rimelig tid innkalle generalforsamlingen og gi den en redegjørelse for selskapets økonomiske stilling. Dersom selskapet ikke har en forsvarlig egenkapital i samsvar med § 3-4, skal styret på generalforsamlingen foreslå tiltak for å rette på dette.»*

Negativ egenkapital er også regulert av Kultur- og likestillingsdepartementet sitt regelverk for mottakarar av offentlege tilskot. I tildelingsbrev for dei årlege tilskota til teateret er dette omtalt slik: *«Mange institusjonar har dei siste åra erfart ein markert auke i pensjonskostnadene, noko som kan ha ført til at egenkapitalen er redusert og i nokre tilfelle er negativ. Denne auken i pensjonskostnader kjem i størst grad av endringar i utrekningsparametrane. Departementet praktiserer som styringsprinsipp overfor institusjonane at tapt egenkapital må rettast opp igjen i løpet av eitt år. Departementet vil ikkje praktisere dette styringsprinsippet overfor institusjonane dersom årsaka til rekneskapsunderskot og/eller tap av egenkapital heilt ut kjem av endringar i utrekningar av pensjonsforpliktingar frå det eine året til det andre. Departementet legg likevel til grunn at dei institusjonane som framleis har negativ egenkapital som følgje av pensjonsforpliktingar, treffer nødvendige tiltak slik at balansen mellom inntekter og kostnader, inkludert pensjonskostnader, blir forbetra.»*

For året 2023 vurdert isolert, er det i hovudsak det store underskotet etter skatt på 22,176 millionar kroner som gjer den samla egenkapitalen negativ. Ei auke i estimert

pensjonsskyldnad bidrar med 3,995 millionar kroner. Utan denne ville eigenkapitalen likevel ha vore negativ med 7,565 millionar kroner.

Ser ein utviklinga over tid er det det likevel ikkje tvil om at det er endringane i estimerte pensjonsskyldnader som har gitt det største bidraget til negativ eigenkapital sidan dei nye reglane i rekneskapslova vart innført med verknad frå rekneskapsåret 2015.

Ein studie av utviklinga av teaterets eigenkapital i åra 2011-2024 viser dette klårt. Den samla reduksjonen i eigenkapitalen i denne perioden er 42,3 millionar kroner. Effekten av pensjonsendringar står for 28,2 millionar kroner av reduksjonen, teaterets ordinære resultat står for 14,1. Utan den årlege føringa av estimerte endringar i pensjonsskyldnader mot eigenkapitalen ville teateret hatt ein positiv eigenkapital på 16,6 millionar kroner ved inngangen til 2024.

Det Norske Teatret har informert Kultur- og likestillingsdepartementet om rekneskapsresultatet for 2023 i eit møte i februar 2024. Departementet er merksame på at det er pensjonsestimatendringar som over tid har bidratt mest til negativ eigenkapital. Departementet avventar no ein plan frå teateret som gjere greie for tiltak for å oppnå positiv eigenkapital igjen. Teateret utarbeider ein slik plan i mars 2024. Denne vil òg bli lagt fram for årsmøtet i Det Norske Teatret i april, i samsvar med krava i aksjelova § 3-5.

*(Skrive på føresetnad av styret sluttar seg til administrasjonens framlegg i styremøtet 27.2):*

Styret vil utarbeide ein handlingsplan for å gjenopprette eigenkapitalen. Eigenkapitalen bør etter kvart minst svare til lutmidlane (4,909 mill) og annan innskoten eigenkapital (6,335 mill). Dette er ein skilnad på 22,8 millionar frå i dag. På lengre sikt bør ein sunn teaterøkonomi innebere eit vesentleg innslag av annan opptent eigenkapital i tillegg.

Det er likevel ingen tvil om at Det Norske Teatret har grunnlag for vidare drift. Både posisjonen som sikker mottakar av offentleg finansiering (75% i 2024) og som kunstnarleg sterkt teater og ein viktig språkinstitusjon plassert midt i ein hovudstad med eit stort interessert publikum, tilseier det.

Som nemnd tidlegare i denne årsmeldinga, arbeider teateret etter ein plan med fem tiltaksområde for å auke inntektene og redusere kostnadene ytterlegare. Ein særleg innsats er spesifisert for å redusere dei høge personalkostnadene utan at det går utover teaterets kunstnarlege evne, forsvarleg arbeidsmiljø og sunn drift av teaterhuset.

2023-underskotet er likevel så stort at det aukar krava til resultat. Styret legg desse skjerpa føresetnadene til grunn for det vidare planarbeidet:

- Teateret må sikre seg auka inntekter eller greie å redusere kostnader (og med det eventuelt aktivitet og arbeidsoppgåver) som gjer det realistisk å budsjettere med eit resultat før skatt på 2-3% av inntektene (6-9 millionar kroner).
- Teateret må forbetre seg når det gjeld produksjonsstyring, informasjonsflyt og ha rutinar og system som sikrar at informasjon er tilgjengeleg i rett tid. Nye økonomi-, billett- og planleggingsystem er eller blir anskaffa i 2024 og vil bidra til dette (del av investeringsplan 2024). Teateret må vere ope for å forbetre organisering og prosessar.
- Hovudscenen er den store inntektsmaskinen på teateret, og Scene 2 kan og gi vesentlege bidrag. I den grad det blir nødvendig må teateret i periodar vere ope for å redusere aktiviteten på andre scener og område for å gjenopprette ein sunn teaterøkonomi.

Åtte år frå 2015 med underkompensasjon for pris- og lønsvekst råka Det Norske Teatret særleg hardt, sidan teateret hadde gjennomført store kostnadskutt og nedbemanning berre nokre få år tidlegare. Teateret har likevel kutta driftskostnader vidare, gjennom pandemien og i åra etter. Som det er påvist i kampanjen *Tett gapet* har det over tid utvikla seg ein urimeleg skilnad i løyvingane til Nationalteatret og Det Norske Teatret, trass i at Stortinget tidlegare har understreka at dei to nasjonalteatera i hovudstaden skal ha like vilkår. Sidan 2021 har vi også hatt ei språklov som pålegg det offentlege å prioritere nynorsken som det minst bruka av dei to likestilte skriftspråka våre. Etter styrets oppfatning må regjeringa og Stortinget ta konsekvensene av dette og auke løyvingane til Det Norske Teatret. Sentrale politikarar frå dei fleste partia i posisjon og og opposisjon har uttrykt forståing for kravet. Ei auka offentleg løyving vil vere eit viktig bidrag til at Det Norske Teatret kan halde fram med full styrke som nasjonalteater og landets største nynorskinstitusjon.

### **Eit grønare teater**

Det Norske Teatret arbeider systematisk med berekraft og har med 2023 gjennomført det første heile året som sertifisert Miljøfyrtårn. Omfattande kartlegging og utarbeiding av rutinar i samband med sertifiseringa i 2022 har gitt eit godt grunnlag for sterkare innsats. Mellom anna stiller teateret meir systematisk krav til dokumentert berekraftsinnsats hos samarbeidspartnarar.

I 2023 har det særleg vore arbeid med energisparing og -effektivisering. For første gong budsjetterte teateret med månadlege kilowatt-budsjett. Den skjerpa merksemda har ført til at teaterets forbruk av elektrisitet var 12,7% lågare enn snittet for åra 2017, 18, 19, 21 og 22. Reduksjonen svarar til det årlege straumforbruket til 13 einestader.

Gjennom den europeiske teaterorganisasjonen ETC er Det Norske Teatret eitt av ni europeiske teater som testar ut berekraftsvegleiinga The Theater Green Book. Grønboka er laga av teaterfolk og berekraftseksperter og gir praktiske vegleiingar for å gjere teaterproduksjonar, -hus og -drift meir berekraftige. Som ETC-medlem har Det Norske Teatret forplikta seg til å bli klimanøytrale innan 2030. Det Norske Teatret har også brukt sine europeiske nettverk til å dele denne kunnskapen med andre norske teater.

Det Norske Teatret fører eit klimarekneskap etter Miljøfyrtårn-standard. Klimarekneskapen for 2023 vil bli presentert i den utvida årsrapporten som blir lagt fram for årsmøtet.

### **Vedlikehald**

Det Norske Teatret sine bygg i Kristian IVs gate og Rosenkrantz gate 9 er snart 40 år gamle. Styret vurderer bygga til å vere i god stand og tenlege for teaterverksemda og publikum, takka vere jamnt vedlikehald og reinvesteringar kvart år. Men med alderen og omfattande bruka aukar behovet for større utskiftingar og investeringar. To eksterne firma har i 2022 laga tiltandsanalysar med grove overslag over investeringsbehovet for scenemaskineri og bygg/vvs/el. Prisjustert til 2023-nivå og medrekna mva er dette investeringsbehovet på vel 330 millionar kroner. I tillegg har teateret over ein tiårsperiode eit investeringsbehov på teaterteknisk utstyr (lyd, lys, video, scene) på om lag 70 milllionar kroner. Andre oppgraderingsbehov i bygget (som ikkje er dekt av tiltandsrapporten for bygg/vvs/el) er på omtrent same nivå.

Teateret har finansiert oppgraderingar over dei årlege driftsløyvingane og med eigne inntekter. I dei seinare åra har investeringsnivået vore på 15-20 millionar kroner pr år. Slik den økonomiske situasjonen for teateret er blitt, er det ikkje mogleg å finansiere reinvesteringar og oppgraderingar slik. I 2023 vart det gjennomført ein del ENØK-investeringar med 40% støtte frå ENOVA. Desse skal etter planen fullførast i 2024. I tillegg til heilt nødvendige utskiftingar av billett-, økonomi- og planleggingsystem, er det ikkje funne rom for andre investeringar.

Det Norske Teatret har tatt opp situasjonen med Kultur- og likestillingsdepartementet. Dei har vist til at statsbudsjettets tilskotsordning for nasjonale kulturbygg no også er opna for søknader om oppgraderingar. Teateret søkte deretter i slutten av 2023 om ei løyving over statsbudsjettet for 2025 på 500 millionar kroner til ei «40-årsoppgradering av Det Norske Teatret». Føremålet er å ta vare på den investeringa samfunnet allereie har gjort i teaterbygget som ei av dei nasjonale scenene for teaterkunst og som hus for ein framstående nynorskinstitusjon. Oppgraderingane vil sikre eit funksjonelt teaterbygg for

mange år framover og bidra til at forvaltning og drift kan bli meir berekraftig og energieffektiv.

### **Skatt**

Teateret er ein skattefri institusjon. Isolert frå drifta ved teateret blir det drive utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntektene frå desse verksemdene er skattepliktige. Sidan april 2020 har Det Norske Teatret stått for utleiga sjølv. Tidleg i 2023 flytta selskapet Norsk Solar inn i 2. høgda og bygget har sidan vore fullt utleigd. Teateret har oppgradert lokala i dei tre høgdene som no er leigde ut på ny, slik at desse har god standard. Det er gjort avskrivningar på 1,1 millionar kroner for investeringar i desse areala. Samla skattekostnad var på 928 000 kroner i 2023. Skattekostnaden har auka vesentleg sidan 2022, dels fordi bygget fullt utleigd har gitt høgare leigeinntekter og dels fordi oppussinga vart fullført i 2022.

### **Pensjon**

Det Norske Teatret har gode pensjonsordningar for dei tilsette. Sidan 1. desember 2022 har teateret har to parallelle pensjonsordningar, ei innskotsordning og ei hybridordning. Hybridordninga skil seg frå den reine innskotsbaserte pensjonsordninga ved at utbetalinga er livslang. I hybridordninga blir det òg innbetalt eit kvinnetillegg, sidan kvinner statistisk lever lenger enn menn.

Teateret har ei ytingsbasert ordning som vart lukka i 2016. Denne omfattar 651 personar, av dei er 491 utmelde med rettar. Estimatendringar i den framtidige forpliktinga teateret har etter denne pensjonsordninga skal rekneskapsførast i det året dei oppstår. Fram til og med 2020 nytta teateret rekneskapsprinsipp som førte desse endringane over driftsresultatet, noko som år om anna førte til store utslag i driftsresultatet til teateret, utan at det var eit direkte uttrykk for teateret si drift det året. Frå og med 2021 vedtok styret å endre rekneskapsprinsipp og estimatendringar blir no førte mot eigenkapitalen i balansen. I 2023 utgjer denne endringa ei svekking av eigenkapitalen med 3,994 millionar kroner.

### **Mangfald, likestilling, leiing og organisasjon**

Det Norske Teatret har i 2023 halde fram med ei medviten satsing på mangfald og representasjon. Det er vårt mål å spegle heile samfunnet og med det vere eit teater for alle, der alle kan sjå seg representerte, på, bakom og framfor scenene våre.

Vi ser eit potensial for meir mangfald blant dei tilsette, og i større grad gjeld det dei andre gruppene tilsette enn dei kunstnarlege. Truleg må heile bransjen arbeide meir aktivt og målretta for å auke mangfaldet også bakom scenane.

Basert på erfaringane frå dei første åra med teater på Rommen scene i Groruddalen, har den utvida satsinga «Det Norske Teatret i Groruddalen» tatt form, med Belinda Braza som kunstnarleg leiar. Det er lagt større vekt på eit langsiktig arbeid overfor ungdom i området, for å nå og møte dei på arenaene dei allereie er til stades på og drive eit tolmodig arbeid for å vekke teaterinteresse og -engasjement. Eit sentralt tiltak er tilbodet «Rebell» som er Det Norske Teatrets scene- og teaterklubb for ungdom mellom 11-14 år med interesse for alle teaterets element. På Rommen scene produserte vi framsyninga Abdul ≈ Hkeem med og om rapparen Abdulhakim «Hkeem» Hassane frå Stovner, ei populær framsyning som nådde mange unge. Det Norske Teatret takkar Kulturetaten i Oslo kommune, OBOS, Bergesenstiftelsen, Bufdir og Kultur- og likestillingsdepartementet for støtte til denne viktige satsinga. Kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen sørga for prosjektmidlar til det meir langsiktige arbeidet i Groruddalen og etterfølgaren hennar, Lubna Jaffery, sørga i statsbudsjettet for at løyvinga til DNT i Groruddalen både auka og blei gjort fast.

Det Norske Teatret er saman med Noregs Ungdomslag og Bondeungdomslaget i Oslo eigarar av Den Mangfaldige Scenen, som driv eit viktig scenekunstarbeid blant barn og unge. Organisasjonen er òg ein samarbeidspartnar i arbeidet med å opne vegar inn til scenekunsten for ungdom i Groruddalen.

Dei populære Bikubekveldane på Det Norske Teatret vart ikkje gjennomførte i 2023 på grunn av den økonomiske situasjonen.

Teateret har ordningar for gratisbilletter for følgje til publikummarar med funksjonsnedsettingar. Vi tilbyr høyrehjelp for høyrslheemma og har gjort tekniske forbetringar i dette anlegget på Hovudscenen i 2022. Bygget er generelt godt tilrettelagt med omsyn til universell utforming, og ved vedlikehald og ombygging strevar vi etter ytterlegare å styrke denne utforminga.

Teateret hadde ved utgangen av året 239 fast tilsette og i åremål, 122 kvinner og 117 menn, som til saman utgjør 217 årsverk. Teateret har tradisjon for å rapportere talet på årsverk som er utført av dei som er i heile eller prosentstillingar ved teateret. I 2023 utførte desse til saman 250 årsverk av dei tilsette ved teateret i denne samansetning (245 i 2022). I tillegg har vi tilkallingsvikarar eller deltidstilsette som har jobba meir enn stillinga si, eller tilsette som har jobba overtid utover full stilling. Om vi tar med desse

tala, blir totalbiletet av arbeidde timar ved teateret høgare. I 2023 utbetalte teateret 12 750 timar til timelønna (11 300 timar i 2022) og 13 300 overtidstimar (10 800 timar i 2022). Omrekna til årsverk ut frå ei 35,5 timarsveke som dei fleste i avviklingsavdelingane har, utgjer dette 6,9 årsverk for timelønna og 7,2 årsverk i overtidsarbeid som kjem i tillegg som arbeida tid ved teateret i 2023.

Styret viser elles til den årlege rapporten for arbeidet med likestilling og mangfald ved Det Norske Teatret etter krava verksemda er pålagt frå 2020 gjennom likestillings- og diskrimineringslova. Rapporten inngår i den større årsrapporten teateret publiserer på nettsidene sine i mars og legg fram for årsmøtet i april.

Det Norske Teatret sin andre rapport etter den nye openheitslova som tredde i kraft 1. juli 2022 blir publisert på teateret sine nettsider i juni 2024. Rapporten skal innfri retten alle etter openheitslova har til å få informasjon om korleis ei større verksemd utfører aktsemdsvurderingar for å stanse, førebygge og avgrense negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

### **Arbeidsmiljø**

Teateret driv eit systematisk førebyggjande arbeid mot trakassering og har etiske retningslinjer som gjeld alle som er i arbeid på teateret, også eksternt engasjerte. Teateret har varslingsrutinar og har lagt stor vekt på at det skal vere trygt å varsle.

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt og at kjensla av fellesskap er eit av teateret sine særmerke og aktivum. Gjennom 2023 har teateret følgd opp medarbeidarundersøkinga frå hausten 2022. Leiinga har arrangert møte gruppevis med alle tilsette som arbeider på verkstadene og med tekniske oppgåver i tilknytning til framsyningar og lytta til deira syn på arbeidssituasjon og arbeidsmiljø.

Det er eit godt samarbeid mellom dei tillitsvalde og leiinga ved teateret, med møte om lag kvar månad og når det elles er behov. HMT-spørsmål har stått høgt på agendaen både i desse møta, i møta i leiinga, i avdelingar og i produksjonar. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har hatt åtte møte i 2023.

Sjukefråværet i 2023 var 5 % (4,7 % i 2022). Sjukefråværet har auka dei siste to åra. Det er ein kombinasjon av kort- og langtidssjukemeldingar som bidrar til dette, men det er også ein konsekvens av at vi har ei meir korrekt rapportering etter at det blei innført eit digitalt personalsystem hausten 2022, der også alle sjukemeldingar er synkroniserte med NAV. Det var diverre ei arbeidsulykke i 2023 som førte til sjukmelding. Teateret har no

ei meir omfattande rapportering av ulykker, uhell med skade og nestenulykker. I alt var det 41 slike hendingar i 2023, dei aller fleste på og rundt scenene.

### **Risikostyring**

Teateret har gode rutinar og system for handsaming av helse, miljø og tryggleik (HMT) og risiko i arbeidsmiljøet. Desse rutinane blir regelmessig evaluerte og forbetra. I 2023 er det særleg arbeidd med å få til ein meir omfattande dokumentasjon av HMT-vurderingar i produksjonar. Teateret har ein heilskapleg beredskapsplan, og har gjennomført kurs. Økonomisk risikovurdering blir følgd opp årleg saman med revisor. Dei viktigaste eksterne risikofaktorane har i normale tider vore fare for svikt i billettsalet, endringar i tilskotet, lønsoppgjeret og auke i vedlikehaldskostnadene. Teateret har òg arbeidd med å styrke rapporteringa av avvik og utvikle ei tettare risikooppfølging knytt til produksjonsgjennomføringa. Teateret har i 2023 forbetra modellen for gjennomføringa av produksjonar, og ei ny produksjonshandbok vil vere klar i 2024.

Teaterdrifta har i utgangspunktet låg finansiell risiko. Teateret vurderer vilkåra for val av bank ut frå ei heilskapleg vurdering av rentetilbod på innskot, lån og kredittbehov. Teateret driv i liten grad verksemd der vi har uteståande krav mot kundar. Kredittrisikoen er liten, då eigeninntektene hovudsakleg kjem frå førehandsbetalte billetter. Det store underskotet i 2023 gjer likviditeten dårlegare. Teateret vil jamleg måtte gjere bruk av kassakreditten som er tilgjengeleg.

Styret har ansvarsforsikring.

### **Vidare drift og framtidsutsikter**

Styret har hatt elleve møte i 2023 og handsama 84 saker. Styret stadfestar at føresetnader for vidare drift er til stades og er lagt til grunn for rekneskapen, og at rekneskapen gjev eit rett bilde av resultat og stilling per 31.12.2023. Styret viser elles til omtalen i denne årsmeldinga av arbeidet med ein handlingsplan for å gjenopprette den tapte eigenkapitalen. Det har ikkje vore vesentlege hendingar etter balansedagen som endrar dette bildet. Styret og administrasjonen vil uansett vurdere situasjonen og behovet for tiltak løpande utover året, tilpassa utviklinga.

Hovudfinansieringa (om lag 2/3) til teateret vil framleis vere offentleg støtte frå Kulturdepartementet. Styret opplever ikkje denne som trua. Samanlikna med andre i bransjen, baserer Det Norske Teatret drifta på høge eigeninntekter i tillegg, i all hovudsak ved å trekkje til seg eit stort og betalingsvillig publikum. Det har ikkje vore vesentlege hendingar etter balansedagen som endrar dette bildet. Styret og administrasjonen vil uansett vurdere situasjonen og behovet for tiltak løpande utover året, tilpassa utviklinga.

Det Norske Teatret skal vere eit djervt teater. Teateret står overfor eit stort arbeid med å betre økonomien i tillegg til, og slett ikkje i staden for, å halde fram med utvikle seg som kraftsentrum for scenekunsten og nynorsken. Styret finn inspirasjon i vilje og trass hos dei som har leia teateret gjennom vanskelege tider før oss. For uansett skal Det Norske Teatret vere der, midt i hovudstaden og spele ei viktig rolle i samfunnet, som fyrtårn for nynorsken og som leiande europeisk teater.

Det er ikkje to forskjellige roller, men ei. Tre utgåver av Den Internasjonale Fossefestivalen på Det Norske Teatret sidan 2019 er prov på det. Så fann då heller ikkje den viktigaste hendinga for nynorsken i 2023 stad i Oslo eller ein annan plass i Noreg, men i Stockholm. Styret ved Det Norske Teatret gratulerer Jon Fosse med Nobelprisen i litteratur! Det er ein pris så vel fortent for ein særmerkt forfatterskap og ein dramatikkk som vi igjen og igjen har hatt glede og ære av å få utforske på våre scener. Vi gler oss også over Fosses rause syn på Nobelprisen som ein pris til nynorsken og den nynorske målreisinga. Det Norske Teatret er stolte over å få vere teateret som har urpremierer på Fosses nye stykke *Einkvan* i april 2024.

Styret vil også takke dei mange samarbeidspartnarane som har bidratt med prosjekt- og utviklingsstøtte og slik gjort det mogleg for teateret å utforske nye vegar. Av offentlege verksemder gjeld det Kultur- og likestillingsdepartementet, Kulturdirektoratet, Bufdir og EU, av private verksemder og organisasjonar OBOS, Kavlifondet, Bergesenstiftelsen, Sparebankstiftelsen DNB, Stihl, Fritt Ord, ETC og ikkje minst Vennelaget.

Styret vil rette ein stor takk til leiinga ved teateret gjennom særleg krevjande år. Teateret har møtt utfordringar med eit klart formål om å levere kunst på høgt nivå, uavhengig av vanskelege omstende og har strekt seg for å finne nye løysingar på store utfordringar. Styret vil òg takke dei tillitsvalde. Samarbeidet mellom leiinga og tillitsvalde har vore avgjerande for dei gode resultatane Det Norske Teatret har oppnådd gjennom vanskelege år.



Til slutt ein stor takk også til alle tilsette, som har stått på, teke ansvar og gjort ein storarta innsats.

Oslo 27.02.2024

i styret for L/L Det Norske Teatret

Hilde Barstad  
Styreleiar

Steinulf Tungesvik  
Nestleiar

Inger Lise Aarrestad Rettedal

Magni Hjertenes Flyum

Shahzad Rana

Lasse Kolsrud

Åshild Mjelde Nordås

Erik Ulfsby  
Teatersjef og dagleg leiar

Hans Antonsen  
Direktør



**LL Det Norske Teatret**  
**RESULTATREKNESKAP 2023**

	Note	2023	2022
Tal i TNOK			
<b>Teaterdrifta</b>			
Eigne inntekter	1	66 381	64 211
Tilskot	2	208 297	209 684
<b>Sum driftsinntekt</b>		<b>274 678</b>	<b>273 894</b>
Varekjøp		14 194	8 412
Kostn. v/arbeidskraft	3, 4	214 372	197 341
Avskrivning teaterbygg	5	1 073	1 073
Ordinære avskrivningar	6	14 744	18 045
Andre driftskostnader	6, 7	51 193	56 037
<b>Sum driftskostnad</b>		<b>295 575</b>	<b>280 909</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-20 898</b>	<b>-7 014</b>
<b>Finansresultat</b>			
Renteinntekter		1 205	700
Rentekostnader		-1 556	-1 031
<b>Finansresultat</b>		<b>351</b>	<b>331</b>
<b>Resultat før skattekostnader</b>		<b>-21 249</b>	<b>-7 345</b>
Skattekostnader	8	928	385
<b>Årsresultat</b>	9	<b>-22 176</b>	<b>-7 730</b>
<b>Disponering av årsresultatet</b>			
<b>Årets resultat til opptent egenkapital</b>		<b>-22 176</b>	<b>-7 730</b>
<b>Sum disponert</b>		<b>22 176</b>	<b>7 730</b>



**LL Det Norske Teatret**  
**BALANSE PR. 31.12.**

	Note	2023	2022
<b>EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Utsett skattefordel	8	1 854	1 746
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>1 854</b>	<b>1 746</b>
<b>Finansielle driftsmidler</b>			
Lån til staten		22 200	22 200
Investeringar	10	35	20
<b>Sum finansielle driftsmidler</b>		<b>22 235</b>	<b>22 220</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Teaterhuset	5	8 355	9 428
Bygningar, tomter	5	9 007	9 007
Teknisk utstyr, inventar o.a.	6	67 133	70 476
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>84 495</b>	<b>88 911</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>108 585</b>	<b>112 877</b>
<b>Omlaupsmidler</b>			
<b>Fordringar</b>			
Varelager	11	670	409
Forskot forfatterhonorar		204	261
Andre fordringar inkl. tilsette		4 103	5 850
<b>Sum fordringar</b>		<b>4 978</b>	<b>6 521</b>
Forskotsbetalte framsyningskostnader	12	4 613	3 624
Bank og kasse	13	7 707	6 593
<b>Sum omlaupsmidler</b>		<b>17 298</b>	<b>16 738</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>125 882</b>	<b>129 615</b>



**LL Det Norske Teatret**  
**BALANSE PR. 31.12.**

	Note	2023	2022
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten egenkapital</b>			
Lutmidlar (12272 luter à kr. 400.-)	14	4 909	4 909
Annan innskoten egenkapital	9	6 335	6 335
<b>Sum innskoten egenkapital</b>		<b>11 244</b>	<b>11 244</b>
<b>Opptent egenkapital</b>			
Annan egenkapital	9	-22 803	3 367
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>-22 803</b>	<b>3 367</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>-11 560</b>	<b>14 610</b>
<b>Gjeld</b>			
Pensjonsplikter	4	41 817	36 987
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Pantelån	15	8 625	10 125
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>8 625</b>	<b>10 125</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandører		8 588	6 987
Kassakreditt	15	25 621	15 352
Betalbar skatt, ikkje utlikna	8	1 036	485
Skuldig offentlege avgifter		15 350	13 088
Forskotsinnbetalt for billetter		11 067	7 553
Anna kortsiktig gjeld inkl. feriepengar		25 339	24 429
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>87 000</b>	<b>67 893</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>137 442</b>	<b>115 005</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>125 882</b>	<b>129 615</b>



## LL Det Norske Teatret

### BALANSE PR. 31.12.

Oslo, 27.02.2024  
Styret i LL Det Norske Teatret

---

Hilde Johanne Barstad  
Styreleiar

---

Steinulf Tunesvik  
Nestleiar

---

Shahzad Asghar Rana

---

Magni Hjertenes Flyum

---

Inger Lise Aarrestad Rettedal

---

Åshild Mjelde Nordås

---

Lasse Kolsrud

---

Erik Ole Christian Ulfsby  
Dagleg leiar

---

Hans Antonsen  
Direktør



### Kontantstrømoppstilling

LL Det Norske Teatret

(tal i NOK 1000)

	2023	2022
<b>Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter</b>		
Resultat før skattekostnad	-21 249	-7 345
Betalt skatt i perioden	-485	-707
Ordinære avskrivningar	15 817	19 118
Nedskrivning/reversering anleggsmidler	0	8
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalningar i pensjonsordningar	837	434
Endring i varelager	-261	63
Endring i forskot kundar	3 514	-733
Endring i leverandørgjeld	1 601	223
Endring i andre tidsavgrensingspostar	3 987	4 018
<b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>	<b>3 762</b>	<b>15 079</b>
<b>Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter</b>		
Utbetalt ved kjøp av varige driftsmiddel	-11 401	-15 858
Utbetalinger ved kjøp av aksjar, obligas. / konsernbidrag til DS	-15	0
<b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>	<b>-11 416</b>	<b>-15 858</b>
<b>Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter</b>		
Endring i kassekreditt	10 269	2 331
Endring i langsiktig gjeld	-1 500	-1 500
<b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>	<b>8 769</b>	<b>831</b>
<b>Netto kontantstrøm for perioden</b>	<b>1 114</b>	<b>52</b>
Kontantar og kontantekvivalentar i byrjinga av perioden	6 593	6 541
<b>Kontantar og kontantekvivalentar i slutten av perioden</b>	<b>7 707</b>	<b>6 593</b>
 Denne består av:		
Bankinnskot	7 693	6 579
Kontantar	14	14



## NOTAR

### REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med føresegner i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

### INNETEKTER

Inntekter ved billettsal er verkeleg verdi, etter ev. frådrag for student-/honnørrabattar. Inntekter blir resultatførte først etter kvar einskild framsyning. Tenester blir inntektsførte i takt med utføringa. Inntektsført driftstilskot er lik tilskotsbrev frå staten.

### KLASSIFISERING OG VURDERINGAR AV BALANSEPOSTANE

Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år, og postar som er knytte til varekrinslaupet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omlaupsmidlar er vurderte til lågaste innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er mellombels. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

### FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er førte i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje avsett noko til eventuelle tap pr. 31.12.

### VARIGE DRIFTSMIDDEL

Tomta vart ikkje avskriven. Teaterbygget vart skrive ned i takt med avdrag på langsiktig lån knytt til bygget, heile lånet var ferdig nedbetalt 30.04.2015. Frå 01.05.2015 nyttar ein lineær avskrivning som prinsipp. Andre varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne lineært til restverdi over attverande avskrivningstid. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført jamleg som driftskostnader.

### LEIGEFINANSIERING

Alle leigefinansierte kontraktar (bortsett frå korte kontraktar og mindre leigefinansierte eigedelar) blir balanseførte som eigedelar med bruksrett, og som ei gjeld. Kontraktar blir førte til innkjøpspris med frådrag for avskrivningar som blir berekna etter annuitetsmetoden.

### PENSIJON

Den balanseførte forpliktinga er noverdi av dei definerte ytingane minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Pensjonsforpliktinga blir utrekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode. Etter prinsippendring med start frå 01.01.15 blir endringane i forpliktingane, som følgje av estimatavvik, bokførte direkte over resultatet i det året dei oppstår (NRS 6). Frå 2021 har teateret endra rekneskapsprinsipp for ytingsbasert pensjon og nytta moglegheita til å anvende målereglane og reglane om resultatspesifikasjon i IAS 19. Det same gjeld for usikra ordning for servicepensjon. Som følgje av dette vil estimatendringar bli førte mot eigenkapitalen, og ikkje over resultat. Arbeidsgjevaravgifta blir kostnadsført basert på innbetalt pensjonspremie for sikrande (kollektive) pensjonsordningar. Innskotsbasert pensjonsordning blir kostnadsført basert på berekna årleg premie.



## **VALUTA**

Transaksjonar i valuta blir bokført laupande til gjeldande kurs. Kursgevinst og kurstap knytt til transaksjonar i utanlandsk valuta blir ført som renteinntekt og rentekostnad.

## **KONTANTSTRAUMOPPSTILLING**

Kontantstraumoppstilling blir utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som straks og med uvesentleg kursrisiko kan konverterast til kjende kontantbeløp og med resterande laupetid mindre enn tre månader frå den datoen dei er innkjøpte.

## **SKATT**

Teateret er ein skattefri institusjon etter skattelova § 2-32 første ledd. Isolert frå drifta ved teateret blir det drive utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntekter frå desse økonomiske verksemdene blir vurderte som skattepliktig verksemd.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både skatt som skal betalast i perioden, og endring i utsett skatt. Utsett skatt blir rekna ut med aktuell skattesats på grunnlag av dei skilnadene som finst førebels mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, forutan eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteauken og skattereduserande førebelse skilnader som blir reverserte, eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje er utlikna og underskot til framføring, blir grunngjeven med forventna framtidig inntening. Utsett skatt og utsett skattefordel som kan balanseførast, blir oppført netto i balansen.

Utsett skatt blir rekneskapsført til nominelt beløp.

## **AKTIVERTE FRAMSYNINGSKOSTNADER**

Sjå note 12 for kommentar.



## Note 1 Eigne inntekter

	2023	2022
Billettsal: Hovudscenen	40 495	41 077
Billettsal: Scene 2	7 627	5 102
Billettsal: Scene 3	908	1 390
Billettsal: Rommen scene	736	1 697
Billettsal: Andre scenar	564	542
Billettsal: Direktestrøyming	242	81
Programsal	478	351
Sponsorinntekt	1 600	1 600
Gåver	428	26
Leigeinntekter	8 198	6 270
Andre inntekter	5 104	5 968
<b>Sum egne inntekter</b>	<b>66 381</b>	<b>64 104</b>

## Note 2 Tilskot

	2023	2022
Statstilskot	204 235	196 360
Ekstra statstilskot	3 610	11 250
Tilskot frå spelemidlane til kulturformål	0	1 300
Andre tilskot, inkl. tilskot frå ENOVA Straum	315	682
Tilskot til fagopplæring	137	91
<b>Totalt</b>	<b>208 297</b>	<b>208 384</b>

## Note 3 Kostnad v/arbeidskraft

	2023	2022
Løn	162 481	149 525
Arbeidsgjevaravgift	25 043	23 208
Honorar	11 515	10 795
Pensjonskostnader	15 333	13 812
<b>Sum</b>	<b>214 372</b>	<b>197 341</b>

### Godtgjersle til leiande tilsette:

Teatersjef:	
Løn	1 480
Pensjonskostnader	22
Anna godtgjersle	20

Styret:	432
---------	-----

Teatersjefen er tilsett på åremål. Teatersjefen tener opp to månaders etterløn for kvart år han er tilsett, avgrensa oppetter til eitt år.

Det er ikkje gjeve lån til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar.



Det er ingen einsskilde lån/garantiar som utgjer meir enn 5 % av eigenkapitalen i selskapet.

I posten pensjonskostnader inngår betalt pensjonspremie trekt frå for delen til dei tilsette og endringar i pensjonsplikter. Arbeidsgjevaravgift av pensjonane er ført i posten arbeidsgjevaravgift.

	2023	2022
Garantiansvar for tilsette	0	0

Teateret hadde ved utgangen av rekneskapsåret 239 fast tilsette og tilsette på åremål. Av dette var 40 deltidsstillingar. Dette utgjer 217 årsverk.

## Note 4 Pensjonar

Teateret pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som oppfyller krava etter lova.

Sikra pensjonsplikter:

Teateret har ei ytingsbasert ordning som er stengd for fleire innmeldingar og opptening av lønsjustering og rettar frå 01.07.2016, og ei innskotsordning som omfattar alle tilsette for perioden etter denne datoen.

01.12.2022 vart det innført ei ny kollektiv ordning i tillegg til innskotsordninga.

Den ytingsbaserte ordninga gjev rett til opptent del av definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av full opptening, lønsnivå pr. 30.06.2016 og størrelse på ytingane frå Folketrygda.

Pensjonsavtalen vart ved stenging også overført frå DnB Livsforsikring ASA til KLP. Nedskrivning av eigenkapitalinnskot i KLP på tkr 5.050 er tilbakeført i 2020 då pensjonsavtalen vart overført til Storebrand 1.1.2021 og eigenkapitalinnskotet i KLP vart betalt tilbake.

Teateret vedtok i 2021 å endre rekneskapsprinsipp for ytingsbasert pensjon og nytte moglegheita til å anvende målereglane og reglane om resultat spesifisering i IAS 19. Det same gjeld for usikra ordning for servicepensjon. Som følgje av dette vil estimatendringar bli førte mot eigenkapitalen, og ikkje over resultat. Totalt estimatavvik ført mot eigenkapitalen i 2023 utgjer tnoK 3993 (sjå note 8).

Det er totalt 651 i den lukka ordninga, av dei er 491 utmelde med rettar.

I tariffoppgjere for 2016 var det avtalt ei mellombels ordning med innskotspensjon for dei tilsette i teater- og orkesterverksemder tilslutta Spekter som arbeidsgjevarforeining. Som ei følgje av dette starta teateret opp ei innskotsbasert pensjonsordning via Sparebank 1 Forsikring AS. LO og Spekter forhandla gjennom hausten 2021, og vart einige om å innføre livslange og kjønnsnøytrale pensjonsytingar i kultursektoren frå 1. april 2022. Dette vart utsett til 1. desember same år, og teateret har frå då av to kollektive parallelle pensjonsordningar, ei innskotsordning tilsvarande den som vart oppretta i 2016 og ei ny hybridordning. Storebrand vil vere leverandør for hybridordninga, og innskotsordninga vart flytta frå Sparebank 1 til Gjensidige 1. februar 2023.

Dei to alternative pensjonsordningane blir vurderte å vere nesten likeverdige, men ordningane har noko ulike innretningar og eigenskapar. AFP, uføre- og etterlattepensjon er like i innskotspensjon og hybridpensjon.

I hybridordninga er utbetalinga livslang. Det blir derfor avsett noko meir til pensjon for kvinner, ved at det blir betalt eit kvinnetillegg på toppen av det ordinære innskotet sidan kvinner lever i gjennomsnitt lenger enn menn. I tillegg betaler arbeidsgjevar administrasjonskostnader for tilsette som sluttar og får pensjonsbevis. Lønstrekket i hybridordninga er derfor noko høgare enn i innskotsordninga. Innskotsordninga er opphøyrande, og må minst takast ut over 10 år. I innskotsordninga kan



arbeidstakarane spare opp pensjonskapital frå ulike arbeidsgjevarar på Eigen Pensjonskonto, noko som ikkje er mogleg i hybridordninga pr. i dag. Frå og med 2004 er tilleggspensjonar til teatersjefar/direktørar samordna med kollektivordninga gjennom ein avtale om kollektiv livrente.

#### Usikra pensjonsplikter:

Selskapet har også ei avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP). Denne er å rekne som ei ytingsbasert fleirføretaksordning, men rekneskapsført som ei innskotsordning fram til det ligg føre påliteleg og tilstrekkeleg informasjon, slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proporsjonale del av pensjonskostnad, pensjonsforplikting og pensjonsmidlar i ordninga. Selskapet sine forpliktingar er dermed ikkje balanseførte som gjeld. Like eins har vi ein avtale om pensjon til ein dansar frå fylte 48 år og fram til fylte 67 år og gåvepensjon til teatersjefar og tilsette som var pensjonistar før pensjonsordninga til alle tilsette tredde i kraft.

<b>Resultatrekneskaper</b>	2023	2022
Pensjonsopptening i året	0	1
Rentekostnader av pensjonsplikter	1 025	650
<b>Brutto pensjonskostnad, sikra pensjonsordning</b>	<b>1 025</b>	<b>651</b>
Avkastning på pensjonsmidlar	0	0
Resultatavvik og planendringar	0	0
Arbeidsgjevaravgift	0	0
<b>Resultatført pensjonskostnad før tilskot frå tilsette</b>	<b>1 025</b>	<b>651</b>
Betalt premie inkl. arbeidsgjevaravgift	0	0
Estimatavvik ført mot eigenkapital	3 716	-681
<b>Endring av netto pensjonsplikter i balansen, sikra pensjonsordning</b>	<b>4 741</b>	<b>-30</b>

#### Usikra servicepensjon:

##### Pensjonskostnad

Rentekostnader av pensjonsplikter	80	53
<b>Sum pensjonskostnad usikra pensjonsordning</b>	<b>80</b>	<b>53</b>
Betalt premie inkl. arbeidsgjevaravgift	-269	-259
Estimatavvik ført mot eigenkapital	277	126
<b>Endring av netto pensjonsplikter i balansen, usikra pensjonsordning</b>	<b>89</b>	<b>-80</b>

#### Balansepostar

##### Usikra pensjonsplikter:

Pensjonsplikter (brutto)	2 668	2 467
Periodevis arbeidsgjevaravgift	236	348
<b>Netto usikra pensjonsplikter</b>	<b>2 904</b>	<b>2 815</b>

**Sikra pensjonsplikter (kollektiv ytingspensjon):**

Pensjonsplikter (brutto)	264 734	256 949
Pensjonsmidlar (marknadsverdi)	-230 630	-227 000
<b>Pensjonsplikter (netto) før arbeidsgjevaravgift</b>	<b>34 104</b>	<b>29 949</b>
Arbeidsgjevaravgift av premiefondsmidlar	4 809	4 223
<b>Netto sikra pensjonsplikter</b>	<b>38 913</b>	<b>34 172</b>
<b>Usikra pensjonsplikter</b>	<b>2 904</b>	<b>2 815</b>
<b>Sum</b>	<b>41 817</b>	<b>36 987</b>

Økonomiske føresetnader:	2023	2022
Avkastning på pensjonsmidlar	3,10 %	3,00 %
Diskonteringsrente	3,00 %	3,00 %
Årleg lønsvekst	3,25 %	3,50 %
Årleg G-regulering	3,25 %	3,25 %
Årleg regulering av pensjonar under utbetaling	2,80 %	2,60 %
Arbeidsgjevaravgift sats	14,10 %	14,10 %

**Note 5 Teaterhuset/tomteverdi**

	2023	2022
Teaterhuset (der utleigedelen inngår)		
Gnr./bnr. 0301-209/169		
Kostpris ved fusjon 1986	487 302	487 302
Nedskrive med tilskot	424 625	424 625
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12.	45 314	44 241
<b>Bokført verdi pr. 31.12.</b>	<b>17 362</b>	<b>18 436</b>
Avskrivningar dette året	1 073	1 073

I 1986 vart AS DNT-bygget fusjonert med LL Det Norske Teatret og teaterhuset var då balanseført med kr 478 295 000 og tomte med kr 9 007 223. Av teaterhuset var det kr 51 858 216 som høyrde til den delen som er leigd ut. Bygget var blant anna finansiert gjennom eit statleg lån på kr 424 625 000. Dette lånet vart ettergjeve av staten i 1999, og bygget vart då nedskrive med verdien på lånet.

Pr. 31.12. kan den bokførte verdien til teaterhuset fordelast slik:

	2023	2022
Del til eiga disponering	1 498	1 534
Del utleige	6 857	7 894
<b>Sum</b>	<b>8 355</b>	<b>9 428</b>



## Note 6 Teknisk utstyr, inventar

	Varige driftsmiddel	Varer i arbeid
Innkjøpskost 01.01.2023	214 589	1 596
Tilgangar	11 277	134
Avgangar	23	10
<b>Innkjøpskost 31.12.2023</b>	<b>225 843</b>	<b>1 720</b>
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	160 430	0
<b>Balansført verdi per 31.12.2023</b>	<b>65 413</b>	<b>1 720</b>
Avskrivningar i år	14 744	0

Det Norske Teatret har hatt eit høgt investeringsnivå dei seinare åra, og ein praksis med relativt korte avskrivningstider i forhold til levetida på anskaffingane. Teateret har i 2023 gjennomgått alle større anskaffingar i registeret og vurdert gjenståande levetid på anskaffinga. Resultateffekten på endra avskrivningstid har ikkje tilbakeverknad, men oppdateringa på avskrivningstida får ein effekt på 2023-rekneskapen og i åra framover.

Det blir nytta lineære avskrivningar for alle varige driftsmiddel. Den økonomiske levetida er rekna til:

Transportmiddel, inventar og maskinar	5 - 10 år
Datautstyr	3 - 5 år
Teknisk utstyr	10 - 30 år
Kontorutstyr	3 - 5 år
Andre driftsmiddel	3 - 5 år

Årleg leige av ikkje balansførte driftsmiddel	2023	2022
Den Norske Opera og Ballett	250	250
Kontormaskinar	88	205

## Note 7 Andre driftskostnader

	2023	2022
Kostnader v/lokale	8 817	13 806
Reparasjon og vedlikehald	8 920	8 211
Marknads-/info.-kostnader	7 095	6 694
Forfattarhonorar	8 791	8 461
Andre driftskostnader	17 570	18 865
<b>Sum</b>	<b>51 193</b>	<b>56 037</b>

Revisor	2023	2022
Revisjonshonorar, inkl. mva.	396	343
Skatterådgeving, inkl. mva.	81	78
<b>Sum</b>	<b>421</b>	<b>312</b>



### Note 8 Skattekostnad

Teateret er ein skattefri institusjon etter skattelova § 2-32 første ledd. Samtidig driv teateret med utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntekter frå desse økonomiske verksemdene blir vurderte som skattepliktig verksemd.

<b>Bereknning av utsett skattefordel</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>	<b>Endring</b>
Bygning	-8 429	-7 937	492
<b>Netto mellombelse skilnader</b>	<b>-8 429</b>	<b>-7 937</b>	<b>492</b>
<hr/>			
<b>Grunnlag for utsett skattefordel</b>	<b>-8 429</b>	<b>-7 937</b>	<b>492</b>
<hr/>			
<b>Utsett skattefordel (22%)</b>	<b>-1 854</b>	<b>-1 746</b>	<b>108</b>
<hr/>			
<b>Grunnlag for skattekostnad, endring i utsett skatt og betalbar skatt</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>	
Resultat før skatt for skattepliktig verksemd		4 217	1 751
Grunnlag for skattekostnaden i året		4 217	1 751
Endring i mellombelse resultatforskjellar		492	454
<b>Skattepliktig inntekt (grunnlag for betalbar skatt i balansen)</b>		<b>4 710</b>	<b>2 205</b>
<hr/>			
Fordeling av skattekostnaden			
Betalbar skatt		1 036	485
Endring i utsett skattefordel		-108	-100
<b>Skattekostnad</b>		<b>928</b>	<b>385</b>
<hr/>			
Avstemming av skattekostnaden i år			
Resultat frå skattepliktig verksemd		4 217	3 421
Bereknna skatt 22 %		385	753
Skattekostnad i resultatrekneskapen		928	753
<b>Differanse</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<hr/>			
<b>Betalbar skatt i balansen</b>			
Betalbar skatt i skattekostnaden		1 036	485
<b>Betalbar skatt i balansen</b>		<b>1 036</b>	<b>485</b>

### Note 9 Eigenkapital

	Lutmiddel	Annan innskoten EK	Annan EK	Sum
Eigenkapital 01.01.2023	4 909	6 335	3 367	14 610
Årets resultat			-22 176	-22 176
Pensjon mot eigenkapital			-3 994	-3 994
<b>Eigenkapital 31.12.2023</b>	<b>4 909</b>	<b>6 335</b>	<b>-22 803</b>	<b>-11 560</b>



## Note 10 Investeringar

Selskapets navn	Eierandel	Bokført verdi
Nynorsk Teaterforlag AS	51%	15
Den mangfaldige scenen AS	33,3 %	20
SUM investering		35

## Note 11 Varer

	2023	2022
Varelager	670	409
<b>Sum</b>	<b>670</b>	<b>409</b>

Varer blir vurderte til det lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Det er ingen ukurante varer i 2022 og 2023.

## Note 12 Aktiverte framsyningskostnader

Kostnader knytt til produksjonar med premiere etter årsslutt er aktiverte. Aktiveringa gjeld variable kostnader ut over fast løn.

På grunn av covid-19 og kulturstreiken vart fire produksjonar som skulle ha premiere i 2021 flytta til 2022 og 2023. Materialkostnadene til desse produksjonane vart aktiverte. Av desse står det att ein produksjon som er flytta til Fossefestivalen i 2023. Her utgjer dei aktiverte materialkostnadene tnok 397.

## Note 13 Bundne bankinnskot, trekkrettar

Bundne bankinnskot	2023	2022
Skattetrekkkonto	7 693	6 579

## Note 14 Lutmiddel og informasjon om luteigarane

	Luter	Pålydande	Bokførte
Luter (ikkje registrerte i VPS)	12 272	400	4 909

LL Det Norske Teatret har 4 694 luteigarar pr. 31.12.23. Alle lutene gjev same rett i selskapet.

Oversikt over dei største luteigarane pr. 31.12.2023	Sum	Eigardel
BUL Oslo	1 353	11,03 %
Haugesund mållag og ungdomslag	481	3,92%
Venner av Det Norske Teatret	200	1,63%
Mållaget i Kristiansand	166	1,35%



Gjensidige Skade	130	1,06%
<b>Sum</b>	<b>2 330</b>	<b>18,99%</b>
Andre (eigardel < 1%)	9 942	81,01%
<b>Totalt</b>	<b>12 272</b>	<b>100,00%</b>

Oversikt over luter til styremedlemmer, teatersjef og direktør, inkludert ektefellar og barn. Dei eig til saman 3 luter i Det Norske Teatret. Desse fordeler seg slik:

Erik Ulfsby, Lasse Kolsrud og Steinulf Tungesvik.

Lån til staten:

Staten har gjeve eit eigenkapitaltilskot som dekkjer delar av den eigenkapitalreduksjonen som teateret fekk den gongen pensjonsplikter vart innarbeidde. I balansen er dette beløpet klassifisert som annan innskoten eigenkapital. I 2023 er det motteke renter på tkr.588.

## Note 15 Pantstillingar og garantiansvar

<b>Gjeld som er sikra ved pant o.l</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Gjeld til kredittinstitusjonar	-8 625	-10 125
<b>Sum</b>	<b>-8 625</b>	<b>-10 125</b>

Det Norske Teatret hadde pr. 31.12.2023 pantgjeldslån på 8,6 mill. kr i DNB Bank ASA. Teateret har ei kredittramme på 30 mill. kr. Som trygd for pantgjeld i DNB Bank ASA 8,6 mill. kr er det tinglyst pantobligasjonar i teaterhuset på 40 mill. kr. Vidare har staten og Oslo kommune saman tinglyst ein pantobligasjon på 857 mill. kr til trygd for tilskotet i teaterhuset inkludert ein eventuell verdiauke (staten 591 mill. kr og Oslo kommune 266 mill. kr). Dette ansvaret blir aktuelt dersom teaterverksemda i bygningen ikkje blir driven i samsvar med gjeldande vedtekter i LL Det Norske Teatret.

## Note 16 Forutsetning for vidare drift

Det Norske Teatret har ved inngangen til 2024 negativ eigenkapital. Dette tilhøvet er regulert av aksjelova i § 3-5. Handleplikt ved tap av egenkapital. Negativ eigenkapital er også regulert av Kultur- og likestillingsdepartementet sitt regelverk for mottakarar av offentlege tilskot. For året 2023 vurdert isolert, er det i hovudsak det store underskotet etter skatt på 22,176 millionar kroner som gjer den samla eigenkapitalen negativ. Ei auke i estimert pensjonsskyldnad bidrar med 3,995 millionar kroner. Utan denne ville eigenkapitalen likevel ha vore negativ med 7,565 millionar kroner.

Ser ein utviklinga over tid er det det likevel ikkje tvil om at det er endringane i estimerte pensjonsskyldnader som har gitt det største bidraget til negativ eigenkapital sidan dei nye reglane i rekneskapslova vart innført med verknad frå rekneskapsåret 2015.

Ein studie av utviklinga av teaterets eigenkapital i åra 2011-2024 viser dette klårt. Den samla reduksjonen i eigenkapitalen i denne perioden er 42,3 millionar kroner. Effekten av pensjensendringar står for 28,2 millionar kroner av reduksjonen, teaterets ordinære resultat står for 14,1. Utan den årlege føringa av estimerte endringar i pensjonsskyldnader mot eigenkapitalen ville teateret hatt ein positiv eigenkapital på 16,6 millionar kroner ved inngangen til 2024.

Det Norske Teatret har informert Kultur- og likestillingsdepartementet om rekneskapsresultatet for 2023 i eit møte i februar 2024. Departementet er merksame på at det er pensjensestimaterendringar

som over tid har bidratt mest til negativ egenkapital. Departementet avventar no ein plan frå teateret som gjere greie for tiltak for å oppnå positiv egenkapital igjen. Teateret utarbeider ein slik plan i mars 2024. Denne vil òg bli lagt fram for årsmøtet i Det Norske Teatret i april, i samsvar med krava i aksjelova § 3-5.

Styret vil utarbeide ein handlingsplan for å gjenopprette eigenkapitalen. Eigenkapitalen bør etter kvart minst svare til lutmidlane (4,909 mill) og annan innskoten egenkapital (6,335 mill). Dette er ein skilnad på 22,8 millionar frå i dag. På lengre sikt bør ein sunn teaterøkonomi innebere eit vesentleg innslag av annan opptent eigenkapital i tillegg.

Det er likevel ingen tvil om at Det Norske Teatret har grunnlag for vidare drift. Både posisjonen som sikker mottakar av offentleg finansiering (75% i 2024) og som kunstnarleg sterkt teater og ein viktig språkinstusjon plassert midt i ein hovudstad med eit stort interessert publikum, tilseier det.

Teatret arbeider etter ein plan med fem tiltaksområde for å auke inntektene og redusere kostnadene ytterlegare. Ein særleg innsats er spesifisert for å redusere dei høge personalkostnadene utan at det går utover teaterets kunstnarlege evne, forsvarleg arbeidsmiljø og sunn drift av teaterhuset. 2023-underskotet er likevel så stort at det aukar krava til resultat. Styret legg desse skjerpå føresetnadene til grunn for det vidare planarbeidet:

- Teateret må sikre seg auka inntekter eller greie å redusere kostnader (og med det eventuelt aktivitet og arbeidsoppgåver) som gjer det realistisk å budsjettere med eit resultat før skatt på 2-3% av inntektene (6-9 millionar kroner).
- Teateret må forbetre seg når det gjeld produksjonsstyring, informasjonsflyt og ha rutinar og system som sikrar at informasjon er tilgjengeleg i rett tid. Nye økonomi-, billett- og planleggingsystem er eller blir anskaffa i 2024 og vil bidra til dette (del av investeringsplan 2024). Teateret må vere oppe for å forbetre organisering og prosessar.
- Hovudscenen er den store inntektsmaskinen på teateret, og Scene 2 kan og gi vesentlege bidrag. I den grad det blir nødvendig må teateret i periodar vere oppe for å redusere aktiviteten på andre scener og område for å gjenopprette ein sunn teaterøkonomi.

Åtte år frå 2015 med underkompensasjon for pris- og lønsvekst råka Det Norske Teatret særleg hardt, sidan teateret hadde gjennomført store kostnadskutt og nedbemanning berre nokre få år tidlegare. Teateret har likevel kutta driftskostnader vidare, gjennom pandemien og i åra etter. Som det er påvist i kampanjen Tett gapet har det over tid utvikla seg ein urimeleg skilnad i løyvingane til Nationaltheatret og Det Norske Teatret, trass i at Stortinget tidlegare har understreka at dei to nasjonalteatera i hovudstaden skal ha like vilkår. Sidan 2021 har vi også hatt ei språklov som pålegg det offentlege å prioritere nynorsken som det minst bruka av dei to likestilte skriftspråka våre. Etter styrets oppfatning må regjeringa og Stortinget ta konsekvensene av dette og auke løyvingane til Det Norske Teatret. Sentrale politikarar frå dei fleste partia i posisjon og og opposisjon har uttrykt forståing for kravet. Ei auka offentleg løyving vil vere eit viktig bidrag til at Det Norske Teatret kan halde fram med full styrke som nasjonalteater og landets største nynorskinstitusjon.



## Årsrekneskap 2023

### Signers:

<b>Name</b>	<b>Method</b>	<b>Date</b>
Kolsrud, Lasse	BANKID	2024-02-29 18:57
Tungesvik, Steinulf	BANKID	2024-02-29 14:32
Rana, Shahzad Asghar	BANKID	2024-03-01 00:14
Flyum, Magni Hjertenes	BANKID	2024-02-29 13:54
Nordås, Åshild Mjelde	BANKID	2024-02-29 13:21
Antonsen, Hans Tormod	BANKID	2024-02-29 14:00
Barstad, Hilde Johanne	BANKID	2024-02-29 13:06
Rettedal, Inger Lise Aarrestad	BANKID	2024-02-29 23:21
Ulfsby, Erik Ole Christian	BANKID_MOBILE	2024-02-29 13:05

#### This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.



Til generalforsamlinga i LL Det Norske Teatret

## Melding frå uavhengig revisor

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for LL Det Norske Teatret som er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon

PricewaterhouseCoopers AS, Dronning Eufemias gate 71, Postboks 748 Sentrum, NO-0106 Oslo

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, [www.pwc.no](http://www.pwc.no)

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Oslo, 27. februar 2024  
**PricewaterhouseCoopers AS**

Bente Norbye Lie  
Statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)



 Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

**Signers:**

<b>Name</b>	<b>Method</b>	<b>Date</b>
Lie, Bente Norbye	BANKID	2024-03-01 11:25

**This document package contains:**

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.